

~~Herrem, Arnhild~~

~~**Fra:** Gabriel Qvigstad <gabriel.qvigstad@ntnu.no>
Sendt: 4. september 2018 14:53
Til: Herrem, Arnhild, Christel Vindenes, Sissel Brandi-Hansen
Emne: FW: Tilbakemelding Rapport Arealkonsept~~

~~Videresender dette høringsvaret som kun kom i mail-format.~~

~~**From:** Postmottak NTNU <postmottak@ntnu.no>
Sent: Tuesday, September 4, 2018 2:33 PM
To: Gabriel Qvigstad <gabriel.qvigstad@ntnu.no>
Subject: FW: Tilbakemelding Rapport Arealkonsept~~

~~**From:** Kjerstina Røhme <kjerstina.rohme@ntnu.no>
Sent: Tuesday, September 4, 2018 8:40 AM
To: ADM Alias Postmottak Adm <postmottak@adm.ntnu.no>
Cc: Carl Thodesen <carl.thodesen@ntnu.no>; Oddbjørn Bruland <oddbjorn.bruland@ntnu.no>
Subject: FW: Tilbakemelding Rapport Arealkonsept~~

Høringsinnspill fra Prof Oddbjørn Bruland, IBM.

Generelt

Uteksaminering av studentar er ein viktig måleparameter for NTNU

Det er difor positivt at det blir lagt vekt på gode læringsareal for studentar og interaksjon med studentar.

Ein like viktig parameter for NTNU er vitskapleg produksjon.

Det er difor svært viktig at det blir lagt vekt på eit godt arbeidsmiljø for dei vitskapleg tilsette som skal syte for denne produksjonen.

Konsentrasjon og fokus samt høve til god interaksjon med kollegaer, stipendiatar og eksterne er kimen til suksess på dette kriteriet.

Eigen kontorplass er eit absolutt krav for å konsentrasjon og fokus. Størrelsen på denne kontorplassen er mindre viktig så lenge det er gode areal i nær tilknytning for interaksjon med andre.

Vedrørende rapportens konklusjon meiner vi at ei 13m2 løysing med opent landskap er uegna for å nå NTNU sin mål og forventningar til vitskapleg produksjon for vitskapleg tilsette

For NTNU er laboratorium og for enkelte fagområde som vassbygg er store laboratoriums areal absolutt naudsynt for å drive både grunnutdanning, forskingsbasert utdanning, forskning og ekstern verksemd.

For at arbeidsdagen skal gå opp er nærleik til desse labbane viktig.

Det er ønskeleg med tverrfagleg interaksjon. Aktiviteten på NTNU er så diversifisert at det ikkje er ønskeleg ei heller oppnåeleg å samle alt i eit knutepunkt.

Å samle relevant fagfelt i felles knutepunkt vil gje gevinst og bør etterstrevast.



Konsentrert læringsstrøk må vektast mot dei vitskaplege sin mobilitet. Det er rimlegare å flytte på studentar enn å flytte rundt på vitskaplege. Nærleik til lab der dette er ein del av undervisninga er i enkelte tilfeller også viktig.

Ei blanding av konsentrerte og lokale læringsarenaer må vurderast. Interaksjon mellom studentar og vitskaplege er også viktig og må ikkje gå på kostnad av ønske om sentrale læringsarenaer.

Ikkje svart på

Mener enheten at det er krav om overordnede beslutninger og valg, som ikke er beskrevet i rapporten?
 Er konseptene overordnet nok til at de ikke begrenser muligheten for å nå strategiske mål for utdanning og læringsmiljø, forskning, kunst, innovasjon og nyskaping og formidling, samt samarbeid med eksterne partnere?

Studentane ser ut til å få det betre...bra



Men dette når det gjeld arbeidsplassar... (i dag har vi 19 m² i snitt på Gløs til arbeidsplass relatert)

Arbeidsplassrelatert areal	BTA-påslag arb.plass	Fellesareal m/påslag	Tekn.rom og drift
Arealet inkluderer arbeidsplassene, med alt nærstøtteareal -som kopi/print, alle "multi-/backstage-rom", minikjøkken, uformelle møteplasser og -rom, hyller/lager, garderobe, og we - m.m., og internt trafikkareal mellom disse.	Tverrgående kommunik. areal, konstruksjons-areal, tekn./sjakter etc tilknyttet arbeidsplass-relaterte areal.	Resepsjoner, kantiner, møterom, presse, BHT, brukerstøtte mv + BTA-påslag (grå farge)	Vent.rom, EL-tekn, drifts-funksjoner mv inkl. konstr. (inkl. IKKE spes.tekn. rom, IKT, PVM, trening mv.
23 m²			
13 m²	4 m²	2+1 m²	3 m²
17 m²		3 m²	3 m²

Figur 50. Illustrasjon av sammenhengen mellom 13 m² netto per ansatt, og 23 m² BTA per ansatt slik det er beskrevet i statens arealnorm for statlige kontorlokaler.

Signalet eg har frå mine er at opent landskap er umogleg. 1-1 veiledning på kontoret er ønkjeleg, men viktigare å ha eigen kontor plass enn stort kontor.